

# MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for opplæring</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset, Leikanger Møterom Åskora (5.etg.)</b>
<b>Møtedato</b>	<b>27.09.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>09:00 – 11:00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Karianne Torvanger (Ap)**  
**Henrik Oppen (Ap)**  
**Senea Sabanovic (Ap)**  
**Gunn Åmot Mongstad (Sp)**  
**Anders Ryssdal (Sp)**  
**Ole Johnny Stubhaug (Sp)**  
**Sonja Merethe Øvre-Flo (H)**  
**Alfred Bjørlo (V)**  
**Trude Brosvik (KrF)**

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemmer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesdirektør Bekka Skaasheim**  
**Fylkeshovudtillitsvald Alf Reidar Myrstad**  
**Elev- og lærlingombod Venke Nordeide**  
**Førstekonsulent Merete Husabø Nornes**

**Sekretariat for møtet:**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 31.8.16 vart godkjent utan merknader.

## **SAK 23/16 Felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane**

### **Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Hovudutval for opplæring vedtek det reviderte fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane slik det går fram av vedlegg 1.
2. Fråværsreglementet gjeld frå 1.8.2016.
3. Det skal visast til fråværsreglementet i skulane sine ordensreglement. Fråværsreglementet skal også følgje som vedlegg til ordensreglementet

### **Endringsframlegg:**

Hovudutvalet for opplæring kom med framlegg om å utsette saka fram til møte med kunnskapsministeren er avvikla.

.

### **Avrøysting:**

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Saka vert utsett.

---

## **SAK 24/16 NOU 2016: 7 Høyring Karriereveiledningsutvalgets sluttrapport Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn**

### **VEDTAK:**

1. Hovudutval for opplæring vedtek høyringsfråsegna til NOU 2016: 7 *Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn*, slik den kjem fram av saksframstillinga.

---

## **SAK 25/16 Tertialrapport 2/2016**

### **VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

### **A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2016**

- 1 Budsjettert fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr.

- 2 Lokale inntekter vert redusert med 1,250 mill. kr.  
Ekstraordinære avdrag vert redusert tilsvarande.
- 3 Sentralt budsjetterte midlar til pensjon vert redusert med 20,000 mill. kr.
- 4 Driftsmidlar til investering vert auka med 0,500 mill. kr.
- 5 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert redusert med 2,600 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 4000 Utgiftert til fylkestinget, utval og ordførar vert auka med 1,000 mill.kr.*  
*Teneste 4200 Administrasjon vert redusert med 3,300 mill. kr*  
*Teneste 4801 Personalforsikringar vert redusert med 0,300 mill. kr.*
- 6 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 18,450 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert redusert med 1,000 mill. kr.*  
*Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 5,330 mill. kr.*  
*Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 1,690 mill. kr.*  
*Teneste 5152 Eleveksamen vert redusert med 0,400 mill. kr.*  
*Teneste 5200 Pedagogisk leining mv. vert auka med 1,340 mill. kr.*  
*Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 9,000 mill. kr.*  
*Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 3,000 mill. kr.*  
*Teneste 5611 PP-tenesta vert redusert med 0,400 mill. kr.*  
*Teneste 5613 Oppfølgingstenesta vert redusert med 0,100 mill. kr.*  
*Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert redusert med 2,400 mill. kr.*  
*Teneste 5901 Privatisteksamen vert auka med 0,400 mill. kr.*  
*Teneste 5903 Karriererettleiing vert redusert med 0,250 mill. kr.*
- 7 Sektorbudsjettet til næring og kultur, teneste 7500 Kulturminnevern, vert auka med 0,400 mill. kr.
- 8 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 45,150 mill. kr.

**B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2016**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.

**C. Andre område**

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 4 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga i vedlegg 5 vert teken til vitande.

-----

**SAK 26/16      Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 -  
sektorbudsjett opplæring**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Hovudutvalet for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si skisse til konkretisering av budsjettet for 2017.

2. Målekartet vert vedteke i samsvar med saksutgreiinga.

**Endringsframlegg:**

Hovudutvalet for opplæring kom med følgjande framlegg til nytt punkt 2 til fylkesdirektøren si tilråding :

2. Hovudutvalet for opplæring viser til saksutgreiinga side 5 punkt 4.2. Elevtalsutviklinga.

Hovudutvalet for opplæring viser og til vedtak finansutvalet 4.5.16 punkt 5.2. Nye økonomiske føresetnader og oppfølging av FT vedtak 9/16.

Hovudutvalet for opplæring ber om at økonomisk ramme 2017 for 5210 Utdanningsprogramma vert tilpassa forventa søkjartal frå grunnskulane, og forventa tal søkjarar med omval.

**Avrøysting:**

Fylkesdirektøren si tilråding og endringsframlegget frå hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Hovudutvalet for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si skisse til konkretisering av budsjettet for 2017.
2. Hovudutvalet for opplæring viser til saksutgreiinga side 5 punkt 4.2. Elevtalsutviklinga.

Hovudutvalet for opplæring viser og til vedtak finansutvalet 4.5.16 punkt 5.2. Nye økonomiske føresetnader og oppfølging av FT vedtak 9/16.

Hovudutvalet for opplæring ber om at økonomisk ramme 2017 for 5210 Utdanningsprogramma vert tilpassa forventa søkjartal frå grunnskulane, og forventa tal søkjarar med omval.

3. Målekartet vert vedteke i samsvar med saksutgreiinga.

-----  
**SAK 27/16      Utpeiking av ny kandidat til styret for Opplæringsfartøy AS**

Saka vart lagt fram utan tilråding

**Endringsframlegg:**

Arbeiderpartiet v/Henrik Oppen kom med følgjande framlegg til vedtak:

Ny styrekandidat:    Ottar J. Aare    6390 Vestnes

**Avrøysting:**

Framlegget frå Arbeiderpartiet vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Ny styrekandidat:    Ottar J. Aare    6390 Vestnes

